



**Til
Hordaland Fylkeskommune**

Planprogram Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029 Fråsegn 22.09.2015 frå IS Fjordvegen Rute 13

IS Fjordvegen er eit samarbeidselskap for utvikling av den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet og går gjennom 18 kommunar i dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

IS Fjordvegen er ei livsnerve for kommunane den går gjennom både for næringsliv/turisme og innbyggjarar. Rv 13 er det viktigaste nord-sør sambandet for indre del av Hordaland. Rv13 har samband vidare mot sør langs E39 frå kryss v/Hove i Sandnes kommune og mot nord langs E39 frå kryss v/Moskog i Førde kommune.

Det er Riksvegstatus på strekninga Sandnes- Jøsendal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella/Dragsvik (- med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde og Turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde- Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal-Forsand.

IS Fjordvegen Rute 13 drøfta denne saka i styremøte 22.09.2015.

IS Fjordvegen Rute 13 vil med dette gje slik høyringsuttale til planprogram Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029

For næringslivet og busetnaden langs Rv/Fv 13 er det avgjerande at denne vegen med tilførsleveggar vert prioriterte i planprogrammet. Ein oppgradert Rv13 vil vera ein katalysator for vekst og utvikling i regionane som soknar til vegen. Det gjenstår framleis mange parsellar som ikkje har tilfredsstillande standard og med prioritering av midlar til nye utbetningsprosjekt må det påreknast mykje anleggsarbeid og mogeleg omkøyringsløyisingar i periodar.

Slik ein les av Planprogrammet Kap 5.1.1. Overordna fylkesvegnett, er det ikkje omtala fylkesvegnettet si tilknytning til Rv13. IS Fjordvegen Rute 13 vil påpeika at plan for omkøyring og tilførsleveggar for Rv13 må takst inn i planprogrammet.

Ein oppgradert Rv13 med gode tilførsleveggar (fylkesveggar) vil verta del av eit nord-sør samband som strekkjer seg frå Trøndelag til Sørlandet.

Ei vidare satsing på utbygging av Rv13 vil vera ein føresetnad for vekst og utvikling i dei indre regionane i alle dei tre fylka som vegen går gjennom.

Kinsarvik, 22.09.2015

IS Fjordvegen Rute 13

Jostein Eitrheim
dagleg leiar

Hardangerrådet iks signerar digitalt